

# Innspel til trafikksikringstiltak på Fureskjeggvegen

Innsendt av Alexander Helle og Julie Tessem, Fureskjeggvegen 71, GBNR 40/7

Vår epostadresse: alexander.helle@gmail.com

Dykkar referanse: 18/1505 – 18/22304

## Bakgrunn:

Viser til vårt innspel datert 04.06.18 om ynskje om trafikksikringstiltak i samband med asfaltering av den kommunale vegen Fureskjeggvegen. Me fekk 22.10.18 svar om tiltaket ville bli vurdert Handlingsplan for trafikksikring 2019. Sidan har me ikkje høyrte noko.

## Litt om dagens situasjon

Vegen til Fureskjegget er ein smal gamal bygdeveg mellom Håtuft og Fureskjegget kai. Eksisterande møteplassar vart ikkje asfaltert sumaren 2018, og på grunn av nye høge asfaltkantar er det no ikkje lenger mogeleg for bilar å møtast dei siste 300 svingete metrane ned til kaien. Det er ikkje tilrettelagt tilbod for gåande eller syklende langs vegen og det er heller ikkje veglys.

## Periodevis stor trafikk og høg fart

Til tross for at me er dei einaste fastbuande ved kaien på Fureskjegget har vegen periodevis stor trafikk. Kaien vert nytta som fiskeplass og utferdspunkt for turar til langs land og på fjorden, og mange hyttefolk nyttar kaien for transport av folk og gods med båt. Ungdom med bil brukar også kaien som samlingsplass for sosialt samvær, og den private delen av kaia er utleigd som parkering for hytter på Lindåssida av Radfjorden.



Ortofotofra Nordhordlandskart av kaien og tunet vårt på Fureskjegget (biletet tatt 2018, før asfaltering)

Eigendomen vår er delt i to av den kommunale vegen, og mange brukar parkeringsplassen i tunet vårt til å snu sidan det er svært trangt på kaien. I tunet har me hus på begge sider av vegen, og me må kryssa vegen for å koma til kai, naust og maskinhus. Frå ytterdøra vår er det berre 4 meter til vegen, og på grunn av terrenget (fjell) er ein ikkje synleg for bilistar før ein står i vegkanten. Spesielt er me uroa over tryggleiken for våre to barn.

Vår eigedom er også ein landbrukseigendom, noko som gjer at me må kryssa vegen med traktor og diverse reiskap for å koma til dei ulike teigane. Dette kan føre til fare når bilar kjem i høg fart.



Siktsituasjon sett frå bil på veg inn i tunet. Ved 50 km/t er bremselengda før stopp 27 meter. Biletet er tatt om lag 30 meter frå trappa til inngangsdøra. Det er svært vanskeleg å sjå om det står ein person eller ikkje i skuggen utanfor huset. Foto: Sinus Infra gatebilder

I samband med at vegen skulle asfalterast sumaren 2018 meldte me inn behov for trafikksikringstiltak. Som me frykta har fart blitt eit enda større problem etter at det kom fast dekke på vegen. Utfordringa er spesielt stor gjennom tunet, der det på veg nedover er eit rett strekke på om lag 100 meter som truleg for mange bilistar står fram som oversikteleg.

#### **Framlegg til trafikksikringstiltak:**

Det er i dag ikkje skilta fartsgrense på vegen. Fylkesvegen, som Fureskjeggvegen kjem frå, har 80km/t som fartsgrense. Områdets karakter som tettbygd eller ikkje vil for mange vera ei vanskeleg vurderingssak. Korkje som er 50km/t alt for høg fart nedover den svingete vegen og gjennom tunet.

Vårt framlegg til tiltak:

- Fureskjeggvegen vert skilta med fartsgrense 30 km/t
- Tunet og kaien på Fureskjegget vert skilta med «Gatetun», skilt nr 540.
- Ved innkøyring til tunet på Fureskjegget vert det plassert ein fartdump som fartsdempande tiltak.

Bruken av «gatetun» er omtala i vegvesenet si «Handbok N300: Trafikkskilt» på side 169

Framlegg til plassering av tiltak er vist på kartskisse under, og er lagt som vedlegg til dette innspelet:



Me meiner Meland kommune har et særskilt ansvar som eigar av vegen og kaien. Om det ikkje hadde vore for den kommunale kaien hadde det ikkje vore trafikk gjennom tunet vårt, og sidan vegen er kommunal har me ikkje sjølv moglegheit til å iverksetta tiltak på denne.

Beste helsing

Alexander Helle, Julie Tessem, Elida (4år) og nyfødt baby